



DEN NORSKE KIRKE

Kyrkjebø sokneråd

Dalevegen 4
6993 HØYANGER
Tlf: 57714100
Kyrkjekontoret 15.04.2015

Møtebok Kyrkjebø Sokneråd

Møtedato: 10.03.2015
Møtetid: kl. 19:00
Møtested: Kyrkjelydshuset

Tilstede:

Gunvor Hommedal, Liv Hilde Klævdal, Runar Matsui-Li, Irene Aase Aarseth, Erlend Andre Høyvik
Haugsbø.

Desse møtte ikkje:

Stig Roar Engen, Ove Hatlestad Solås, Kristine Moen Kyrkjebø, Leif Arne Fureli, Audun Digranes, Jarle Berge.

Kopi av møteboka går til:

Reidar Knapstad, Petter Sortland, Arve Varden, Eldrerådet

Sakliste

Godkjenning av innkalling og referat frå siste møte
Innkalling og møtebok vart godkjent utan merknad. Soknerådet konkluderte med at det var nok
frammøtte til at soknerådet var vedtaksfør.

Meldingssaker

000015 Soknepresten har ordet
Runar Matsui-Li orienterte.

000016 Rekneskapsrapport 2014
Rekneskapsrapporten vart gjennomgått i møtet. Kyrkjebø sokneråd sin årsrekneskap 2014
gjekk ut med eit driftsoverskot på kr. 10 352,- som er avsett på fond. På dette fondet står det pr.
31.12.2014 kr. 52 827,87.

000017 Nominasjonsarbeidet
På grunn av at Audun Digranes hadde sjukefråver, var det berre ein rask gjennomgang av
denne saka, med orientering om dei som har sagt ja til attval: det er Irene Aase Aarseth, Audun
Digranes og Leif Arne Fureli.

000018 Ymse
Det vart orientert om gudstenesteplanen for sommaren 2015. Friluftsgudstenesta på
Vadheimstølen vert første helga etter skulestart, den 23. august. Gudstenesteplan for hausten
2015 vert gjennomgått i neste møte.

Soknemøtet 15. mars: Audun Digranes leiar soknemøtet. Gunvor Hommedal tek ansvar for
klargjering av lokalet i kyrkjelydshuset.

Fasteaksjonen 24. mars: Irene tek bøsse til Kyrkjebø og Vadheim med frå kyrkjekontoret. Liv
Hilde hentar bøssene til Vadheim hos Irene. Gunvor undersøker om Audun kan organisere
fasteaksjonen i Vadheim. Ein treng 3 foreldre med bil. Irene organiserer på Kyrkjebø, der ein
treng 4-5 foreldre med bil. Irene køyrer bøssene til Høyanger etter fasteaksjonen, for oppteljing
der.

Stort arbeidspress på kyrkjeverja: Sokneråda vert oppfordra til å levere stoff til Helgestunder.

Vegval for framtidig kyrkjeordning: Høyringsfristen er 15. mars 2015. Saka vert utsett, og teken opp som vedtakssak på neste møte.

Vedtakssaker

Sak 008/15 PLAN FOR GJENNOMFØRING AV ÅRSMØTET 2015

Vedtak:

Plan for gjennomføring av årsmøtet 15. mars vart gjennomgått. Audun Digranes legg fram årsmeldinga, og orienterer om rekneskapen. Han orienterer også om planane om skifte av orgel, og avklarar andre spørsmål som måtte bli stilt. Plan for gjennomføring av årsmøtet vart samrøystes vedteken.

Sak 009/15 FRAMLEGG TIL ÅRSMELDING 2014

Vedtak:

Årsmelding 2014 vart gjennomgått i møtet, og vart samrøystes godkjend.

For Kyrkjebo Sokneråd

Erlend Andre Høyvik Haugsbo
Referent

Bjørnar Otterstein
Sekretær

DRIFTSREKNESKAP - obl. hovedoversikt, skjema 2A

Kyrkjebø sokneråd (ansvar 300)

Art	Tekst	R 2014	B 2014	R 2013
Drifts-	Brukerbet., sals-, avg. og leigeinnt.	-	-	-350
inntekter	Sal av driftsmidler	-	-	-
	Refusjonar/overføringar	-748	-	-1 264
	Kalk. innt. v/komm. tenesteyting	-	-	-
	Statlige tilskot	-	-	-
	Rammeoverf./tilsk. frå eigen komm.	-	-	-
	Tilsk. frå f-råd/m-råd, gåver m.v.	-43 485	-	-62 757
	SUM DRIFTSINNEKTER	-44 232	-	-64 371
Drifts-	Løn og sosiale utgifter	-	-	-
utgifter	Kjøp av varer og tenester	4 746	-	8 256
	Refusjonar/overføringar + MK	29 134	-	1 264
	Kalk. utg. v/komm. tenesteyting	-	-	-
	Tilskot og gåver	-	-	44 857
	SUM DRIFTSUTGIFTER	33 880	-	54 377
	BRUTTO DRIFTSRESULTAT	-10 352	-	-9 994
Finans-	Renteinntekter og utbyte	-	-	-
inntekter	Mottatte avdrag på utlån	-	-	-
	Renteutgifter og låneomkostningar	-	-	-
	Avdrag på lån	-	-	-
	Utlån	-	-	-
	NTO. FINANSINNT./UTG.	-	-	-
Avskr.	Avskrivningar	-	-	-
	Motpost avskrivningar	-	-	-
	NETTO DRIFTSRESULTAT	-10 352	-	-9 994
Interne	Bruk av tidl. RO	-	-	-
transer	Bruk av disposisjonsfond	-	-	-
	Bruk av bundne driftsfond	-	-	-
	Bruk av likviditetsreserve	-	-	-
	SUM BRUK AV AVS.	-	-	-
Avsetjingar	Avs. til dekn. frå tidlegare år (RU)	-	-	-
	Avsetjing til disposisjonsfond	10 352	-	9 994
	Avsetjing til disposisjonsfond	-	-	-
	Styrking av likviditetsreserve	-	-	-
	Overf. til inv.rekneskapen	-	-	-
	SUM AVSETJINGAR	10 352	-	9 994
	Rekneskapsmessig mindreforbruk	-	-	-
	Rekneskapsmessig meirforbruk	-	-	-
	RES. ETTER INTERNE DISP.	0	-	-0

Note 3 - Avsetjingar og bruk av avsetjingar

Samla avsetjingar/bruk av avsetjingar i året	2014	2013	2012
Avsetjingar (530:560) + 580	25 433,79	220 406,90	873 102,78
Bruk av avsetjingar (930:960)	94 676,84	887 149,19	168 172,19
Til avsetjing seinare år (980)	247 784,49		
Netto avsetjingar (minus = netto bruk)	-317 027,54	-666 742,29	704 930,59
Fond trusopplæring 55199700 - 1500	Rekneskap 2014	Rekneskap 2013	Rekneskap 2012
Saldo pr. 01.01	-	-77 420,75	-72 116,35
Avsetjing til fond	-	-	-44 404,40
Bruk av fond	-	77 420,75	39 100,00
Saldo pr. 31.12	-	-	-77 420,75
Investeringsfond - udisp. inv. 55399700 - 1662	Rekneskap 2014	Rekneskap 2013	Rekneskap 2012
Saldo pr. 01.01	-9 080,85	-818 809,29	-
Avsetjing til fond	-15 081,80	-	-818 809,29
Bruk av fond	-	809 728,44	-
Saldo pr. 31.12	-24 162,65	-9 080,85	-818 809,29
Fond Høyanger sokneråd 55699700 - 1610	Rekneskap 2014	Rekneskap 2013	Rekneskap 2012
Saldo pr. 01.01	-97 171,52	-72 593,78	-63 996,73
Avsetjing til fond	-	-24 577,74	-8 597,05
Bruk av fond	1 077,84	-	-
Saldo pr. 31.12	-96 093,68	-97 171,52	-72 593,78
Fond Kyrkjebo sokneråd 55699700 - 1611	Rekneskap 2014	Rekneskap 2013	Rekneskap 2012
Saldo pr. 01.01	-42 475,88	-32 481,42	-31 189,38
Avsetjing til fond	-10 351,99	-9 994,46	-1 292,04
Bruk av fond	-	-	-
Saldo pr. 31.12	-52 827,87	-42 475,88	-32 481,42
TOTALSUMMAR FOND	Rekneskap 2014	Rekneskap 2013	Rekneskap 2012
Saldo pr. 01.01	-148 728,25	-1 001 305,24	-167 302,46
Avsetjing til fond	-25 433,79	-34 572,20	-873 102,78
Bruk av fond	1 077,84	809 728,44	-
Saldo pr. 31.12	-173 084,20	-148 728,25	-1 001 305,24